



ÅRSRAPPORT 2022

SKODJE SOKNERÅD



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn

Visjon for Skodje kyrkjelyd

Meir himmel på jorda

(2016)

Søndagsgudstenesta - møtestad for alle

Vi ønskjer at unge og eldre, familiar og einslege, innfødde og innflyttarar skal kjenne seg heime i kyrkja, og oppleve gudstenesta som eit møte med Gud og med kvarandre. Dette skjer ved å involvere mange i planlegging og gjennomføring av gudstenesta.

Kjærleiken er størst

Vi vil bygge relasjonar der vi i fellesskap kan vekse i kjærleik til kvarandre, til vår neste og til Gud. Vi vil gjennom trusopplæringa la born og unge i Skodje få oppleve det største av alt: kjærleiken.

Omsorg / diakoni

Alt vi gjer i kyrkjelyden skal vere prega av diakonal omtanke for kvarandre, for skaparverket og for dei underprivilegerte i verda. Alle menneske skal møte kyrkja si omsorg ved dei store milepælane i livet: dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Dialog mellom tradisjon og nytenkning

Vi vil ta vare på dei gode tradisjonane, men våge å la uttryksmåtar og arbeidsreiskapar fornyast for å nå vidare ut til menneske i vår tid. Å engasjere lokale krefter, særleg ungdom innafor kyrkjemusikk, song og korverksemd, ser vi som viktig kyrkjelydsarbeid.

Jesus i sentrum

All forkynning og undervisning skal styrke trua på den treeinige Gud, og ha sitt sentrum i Han som er trua sin opphavsmann og fullendar, Jesus. Misjonsavtalen med HimalPartner er ei konkretisering av vårt misjonsengasjement.

Engasjert trusliv

Vi vil skape arenaer for bibelbruk, samtale og felles bøn, og gi eit breitt tilbod om livsnære og trygge smågrupper. Vi vil stimulere til å dele livserfaringar, og hjelpe kvarandre til å sjå Guds fotavtrykk i den einskilde si livshistorie og kvardag.

Frivillege og tiltak i Skodje kyrkjelyd 2022

Sokneråd 2019-2023:

Anne Lovise Ludvigsen Løvås (leiar i 2022)
Arnstein Sæthre (nestleiar i 2022)
(representant til kyrkjeleg fellesråd)

Tove Solheim Kristensen
Elisabeth Bjørdal Leine
Kristine Oksavik Sve
Jostein Kvalen
Karin Margrete Vik
Jan Løkkeborg (sokneprest)
Per Ove Stige
Leiar og nestleiar veljast for eit år av gangen.

Arbeidsutval:

Anne Lovise Ludvigsen Løvås
Arnstein Sæthre
Kristine Oksavik Sve
Jan Løkkeborg

Vararepresentantar:

Nora Karin Roald Hesseberg
Ole Karsten Honningdalsnes
Inger Kristin Ask

Trusopplæringsutval:

Asbjørg Oksavik Sve
Inger Kristin Ask
Kristine Oksavik Sve

Diakoniutval:

Asbjørg Oksavik Sve
Tove Solheim Kristensen
Kjellaug Ferstad
Ole Karsten Honningdalsnes
Sindre Rasmussen

Gudstenesteutval

Jan Løkkeborg
Arne B. Varmedal
Gerd Ulstein
Julie Tronstad
Knut Marton Leine

NaMu Komite:

Jan Løkkeborg
Elisabeth Bjørdal Leine
Per Inge Vik
Janne Bjune
Helge Ferstad

Kyrkjestovekomite:

Arne Skotte
Birger Blindheim
Jostein Kvalen
Tormod Løvås

Praktisk komite:

Tormod Løvås
Knut Marton Leine

Kunst og kulturkomite:

Arne B. Varmedal
Nora Karin Roald Hesseberg
Har ikkje vore aktiv i 2022

Ansvar temakveld: Helge Ferstad

KN-kontakt: Karin Margrete Vik

Kirkens SOS-kontakt: soknerådsleiar

Bibelkontakt:

Tilsette med arbeidsområde i Skodje:

Sokneprest	Jan Løkkeborg
Dagleg leiar(til mai -22)	Åsrun Eli Håvik
Kyrkjetenar	Marie Hellevik
Kantor	Arne B. Varmedal
Kateket	Olav Chr. Rønneberg
Diakon/kyrkjelydsped.	Asbjørg Oksavik Sve
Kyrkjetenar	Arnstein Sæthre
Sesongsarbeidar	Arve Schistad

Klokkar

Kjellaug Ferstad
Arnstein Sæthre
Anne Lovise L. Løvås
Ole Per Storhaug

Kyrkjevertgruppe

Oddny Frøysa
Gerd Ulstein
Reidun Helene Holm Aure
Tormod Løvås
Olav Mestad
Birger Blindheim
Kjell A. Sve
Kristine Oksavik Sve
Elisabeth Bjørdal Leine

Anne Lovise Ludvigsen Løvås
Tove Solheim Kristensen
Inger Kristin Ask
Ole Karsten Honningdalsnes

Ålesund kyrkjelege fellesråd:

Har ansvar for forvaltning av kyrkjes hus og kyrkjegard, og har arbeidsgjevaransvaret for alle ikkje-geistlege tilsette.

Kyrkjelydsarbeidet

Februar 2022 tok vi farvel med koronatiltak for godt etter 2 lange år med mykje innstramingar, lette i krav og nye innstramingar att. Det har vore krevjande for kvar einskild. Men også for all organisert aktivitet, kyrkjelyden inkludert. Det er nok ikkje til å kome forbi at «pasienten» ikkje er heilt restituert. Om ein ser på statistikken vil ein sjå at det totale gudstenestebesøket gjekk ned med 1600 deltakarar til samanlikning med 2019. Medan gudstenestedeltakinga på søn - og helgedagar gjekk ned med nærare 1000. Ei mager trøyst er at dei fleste innan kyrkje – og organisasjonsliv, både idrett og all anna frivillig verksemd slit med det same. Det er vel lite truleg at Ola Nordmann har vorte mindre religiøs og truande i løpet av pandemien.

Dette til trass, kjerna i kyrkjelyden verkar til å vere ved godt mot. Det er god stemning og ein oppmuntrande tone når kyrkjelyden samlast til ulike tiltak og gudstenester. Her er det på sin plass å takke alle frivillege som har lagt ned tid, energi og brukt av sine gåver i teneste for kyrkjelyden på Skodje. Staben er ikkje noko utan vi kan bygge saman! Som ei takkegåve arrangerte kyrkjelyden ein medarbeidarfest på Brusdalsheimen i januar for stab og frivillege. Rundt 30 vart påmeldt til godt måltid mat, litt lek og moro. Og ikkje minst ein minikonsert som kantor Håvard Sveås frå Sula ga oss. Dette var ein kveld som vart sett stor pris på.

Kyrkjelydsbasaren vart utsett frå vår til haust dette året, det var svært godt oppmøte og godt program. Harald Grytten kåserte om basarar i eldre tid, delvis frå krakken sin og delvis frå andre kantar av salen. Inntekta denne dagen gjekk ned ein del frå året før, men verdien i det sosiale fellesskapet er også stor.

Det kontinuerlege arbeidet utanom gudstenestene er med på å bygge kyrkjelyd, og her må nemnast babysong, kyrkjeklubb for menneske med psykisk utviklingshemming, kyrkjekor, husfellesskap og bibelgrupper, misjonsforeining for kvinner og mannsmisjonsgruppe, andaktene på omsorgssenter og busenter og månadlege temakvelder. Desse gruppene og arrangementa har hatt eit bra jamnt oppmøte dette året, og er faktisk med på å styrke oppmøtet på gudstenestene.



Vi må også ta med oss inspirasjonshelga med temaet «Trushistorie» som kyrkjelyden arrangerte i samarbeid med Skodje bedehusforsamling. Her fekk vi god undervisning og innføring i korleis sette ord på vår eigen trushistorie. Det var godt oppmøte og mykje gode og fortrulege samtaler rundt borda.

Gudstenestearbeidet

Søndagsskulen vart lagt ned, mykje grunna mangel på lokalar og pandemien som gjorde dette vanskeleg. Kyrkjelyden vart lova gode brakkemodular til dette. Dette vart det skreive om i førre årsmelding. Men når

dette vert skreive er det enno ikkje i orden.

Trass dette har vi ikkje gitt opp håpet om å få til eit levande arbeid med heile familien. Difor har vi prøvd dette året å legge til rette for barnefamiliane og satt fokus på det.

Trusopplærings- gudstenestene samlar godt med unge familiar, men dei vanlege gudstenestene har liten eller ingen deltaking



med barn til stades. Unntaket er når det er dåp. Difor har ei lita gruppa prøvd å samle nokre familiar til planlegging. Først ein ettermiddag med gudstenesteverkstad, seinare med planlegging i forkant ein kveld. Det syner seg at det stort sett er to familiar og mødrer som går i bresjen. Takk til Ragnhild Brufors og Julie Tronstad som har gjort heiderleg innsats. Det har resultert i nokre gudstenester med særleg preg for borna. Pinsedag var ei slik gudsteneste.

I haust hadde 50-årskonfirmantane lagt ned mykje arbeid i å få ei kjekk helg, og søndagen var ein stor flokk samla til gudsteneste der dei vart presenterte, to av dei fortalde om konfirmanttida dei hadde på tidleg 70-tal, og dei minnst dei som var døde i konfirmantkullet sitt.



Gudstenesteutvalet

Gudstenesteutvalet har vore samla ein gong dette året, då for å førebu framlegg til endeleg vedtak på den nye liturgiske serie. Det vart presentert i soknemøtet og endeleg vedtak fatta i sokneråd i april. Kyrkjelyden hadde då hatt den nye melodirekka, almeniserie 2, som ei prøveordning fram til endeleg vedtak.

Ny NaMu – undersøking

Våren tok kyrkjelyden ein ny NaMu – undersøking (Naturleg Menighetsutvikling). Det var 6 – 7 år sidan sist, og mange av oss var naturleg nok spente. Resultatet av undersøkinga var klart like før sommarferien og synte nok at her er mykje godt arbeid å ta tak i. Meir enn at mange tal synte å ha tilbakegang så er tala nyttig til å legge ein langsiktig plan for kva som er viktige å satse på.

Leiaren for NaMu – Norge, Kjetil Sigerseth, er vegleiar for NaMu – arbeidet og var til stades og presenterte tala og undersøkinga tidleg i haust. Undersøkinga legg grunnlaget for den strategiske jobben som skjer i kyrkjelyden. NaMu – utvalet var samla både med og utan Kjetil til stades for å vurdere kva tiltak og framdrift som var naturleg å fokusere rundt. «Minimums – faktoren» vart «Hensiktsmessige strukturer» som skåra lavast saman med «Utrustende lederskap».

Tidlegare har NaMu – gruppa jobba med å etablere nye småfellesskap i kyrkjelyden. Det har resultert i 4 nye grupper.

Eit grep NaMu – utvalet gjorde var å førebu ein ny strategidag, som vart arrangert igjen i oktober. 15 – 20 var påmelde og det var ein kveld med god stemning og framoverlente deltakarar. Mykje godt arbeid vart lagt ned og fleire forplikta seg på å stå i nye oppgåver, eller forplikta seg til å stå på vidare.

Omsorgssenteret og omsorgsarbeid

Eit anna viktig arbeid som ikkje er så lett å måle «suksessen» med er omsorgsarbeidet. Dette er noko som skjer kontinuerleg gjennom sorgarbeid i og etter gravferder og møte med einskilde personar i utfordrande livssituasjonar. Minnegudstenesta i forkant av Allehelgenssøndagen har vorte eit viktig møtepunkt for dei sørgande som mista nokon i året som gjekk. Her er diakon og diakoniutval med.

I året som gjekk opna det seg høve til å gjenoppta andaktene på omsorgssenteret etter pandemien.

Annakvar onsdag har vi andakt her, og etterpå også hos bebuarane i Ådalen Allé 6. Dette set dei stor pris på. Det er soknepresten som har dei fleste andakter her, men også diakonen er med på dette arbeidet og kontor er med fast og har ei viktig oppgåve sidan salmane og songen betyr mykje for dei eldre.

Temakveldar

Temakveldane har gått fast gjennom året. Det har vore relativt lett å få tak i foredragshaldarar og oppslutninga har halde seg relativt stabilt, med nokre «toppar». Særskilt godt besøkt var temakvelden der Marit Johanne Bruseth deltok med tema om «Kjønn og kjønnsforvirring», i september. Dette er tydelegvis eit tema som opptek folk. Det kom folk frå eit større område enn vanleg. Elles har tematikken vore variert, men dei to som har halde i det, har tenkt ein tråd i samlingane. Helge Ferstad har leia og utgjør 50 % av utvalet som planlegg kveldane. Den andre 50 % har vore soknepresten. Temakveldane utgjør tydeleg eit viktig sosialt treffpunkt, men også ein stad der kunnskap og utveksling finn stad.



«Spor av tru»



Sokneprest Jan i samtale med Bjørn Nedreskodje.

Eit nytt konsept vart lansert i adventstida.

Soknepresten fekk ein idé om å invitere kjende personar frå lokalmiljøet til ein samtale i kyrkja med musikalske gjestar som ga tonefølge. Bodil Grindvik Uri, Olav Mestad og Bjørn Nedreskodje stilte villig opp som samtalegjestar kvar sin kveld. Dei ga uttrykk for at dette var utfordrande og spanande. Musikalske gjestar var Skodje kyrkjekor, Hallvar Djupvik og søskena Sverre Ulvestad og Hildegunn Garseth Ytredal. Arrangementa var godt besøkt, og med uvanleg gode tilbakemeldingar.

Staben

Det må også seiast litt om staben og endringane i året som gjekk. Det vil vere å pynte på fakta om vi skulle seie at alt fungert som det skulle. I mai «miste» vi dagleg leiar Åsrund Håvik. Grunna nedskjeringar i Fellesrådet vart alle stillingane knytt til dagleg leiar i Ålesund tatt frå oss. Overgangen har vore krevjande både for stab og frivillige. Meirarbeid for alle. Når vi som stab for Ørskog og Skodje også har opplevd mykje belastning og «støy» rundt kontorlokalar og foran nevnte brakkøløysing så har nok det også til tider vore merkbart internt i kollegiet også. Vi er berre mennesker. Men, det er ingen pågåande konflikt mellom dei tilsette i Skodje, er viktig å understreke.

Misjon i kyrkjelydsarbeidet

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap, NMS om eit prosjekt i Estland som omfattar kyrkjelydsbygging i to kyrkjelydar der, Mustamäe og Saku og ungdomsarbeid gjennom PlusMedia.

Vi var også i år med på aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda» i perioden frå Kristi himmelfartsdag til jonsok. Skodje sokn samla inn nærare kr. 10 000 til arbeidet i Estland gjennom NMS, på gudstenesta Kristi himmelfartsdag på Tøsse, på Estlandskvelden og noko på Spleis i perioden.



Den nye kyrkia i Saku, Estland som vi har misjonsavtale med.

Konfirmantane hadde i haust den årlege Misjonslaurdagen der dei i år fekk møte representantar frå HIMALpartner, NMS/NMS U og Stefanusalliansen og høyre om arbeidet dei har fokus på. Denne vart arrangert på Gomerhuset, alle tilsette var med, og fleire foreldre i tillegg til misjonsorganisasjonane sine folk.

Trusopplæring

Soknerådet har ansvaret for trusopplæringa for born i alderen 0 år til 18 år. Diakon Asbjørg har hovudansvar for trusopplæringsplan, evaluering av plan og rapportering. Ho har ansvar for gjennomføringa av alle tiltaka for born i alderen 0-14 år saman med friviljuge, og kateket Olav har ansvar for plan, evaluering av plan, årsrapport og opplegget for konfirmantane og opp til 18 år. Planen vert revidert litt kvart år, når vi erfarer ting som fungerer eller ikkje fungerer. Diakon og kateket gjorde eit litt grundigare «ryddearbeid» etter evaluering og tilbakemelding frå undervisningsrådgjevar etter møte med undervisningstilsette i vårt fellesråd i haust. Planen ligg i ein nasjonal modul som ikkje mange har tilgang til i kvart sokn, men kan eksporterast til pdf for alle som vil sjå den eller bruke den. Likeeins med rapporten, den skal vere ferdig kvart år 15. januar.



Babysong



Babysongen i Skodje kyrkje vart starta opp i 2014, og desse åra har det vore grupper i gong annakvar veke ved diakon Asbjørg, bortsett frå nokre få avlysingar under pandemien. Mange foreldre finn eit miljø her med felles ting dei er opptekne av og nyinnflytta eller tilbakeflytta foreldre vert kjende med andre småbarnsforeldre. Musikk og rytme gjev utvikling og glede, og gjentakning av melodiar og songar gjev livsglede og musikalsk læring.

Vi prøver å gje input til foreldra om godt samspel mellom foreldre/born, ei hjelp til foreldra å vere gode omsorgspersonar og å hjelpe dei å vere gode formidlarar av den kristne kulturarven. Talet på deltakarar som har vore med i løpet av 2022 er 19 babyar og 19 vaksne.

Søndagsskule

Denne vart lagt ned i 2021 pga. manglande framtidsutsikter til eigna lokale.

4-årstreff



Desse treffa har vore godt innarbeidde etter snart fire tiår i soknet. Siste ni åra har vi hatt to kveldssamlingar med fokus på skapinga og Jesus som ven, og borna har fått kjennskap til kyrkja. Foreldra er deltakande hjelparar under forminga og kveldsmaten. Utdeling av bok skjer på søndagsgudstenesta der borna har gått fram i prosesjon og sunge eit par songar med rørsler. Vi har i alle år hatt godt oppmøte av born og foreldre.

26 born er 60 % av alle døypte og om vi gjekk litt ned frå i fjor, er vi likevel høgt oppe i høve til dei fleste sokn i fellesrådet.

Klatretur for 5-åringar

Denne familieturen som vi også kallar klatreturen (knytt til bibelhistoria om Sakkeus) gjekk ut, men mest pga. kapasiteten til diakonen, som igjen botnar i mangel på sokneprest i nabosoknet.

Dåpsskule /6-årsbok

Borna i 6-årskullet vart invitert til to kveldar i kyrkja og ei gudsteneste søndagen derpå der dei fekk 6-årsboka. 30 born, 73 % av alle døypte var med. Læra om dåpen, bibelforteljing om Bartimeus og den barmhjertige samaritan, forming knytt til historiene, song og sporløp rundt kyrkja var hovudinnhaldet på tiltaket. I tillegg til deltaking på gudstenesta med song og utdeling av 6-årsboka.

Tårnagenthelg for 8-åringar

Denne vart avvikla i februar med 25 born, det er 61 % av alle døypte. Laurdagen var det agentoppdrag på leit etter Bibelen og kyrkja sine skattar, gudstenesteverkstad, tårn- og kjellartur og pølsefest. Godt med faste medhjelparar frå år til år, og det er ein styrke for kvaliteten på tiltaket, og for sikringa i tårnet. Gudstenesta: Søndag deltok borna på fleire av dei liturgiske ledda, med skrivne og teikna forbøner forma som eit bønnetårn, bibeldrama, samlingsbøn, song og velsigning. Borna fekk smake på vin og brød på nattverdkurs light laurdag. Borna har siste åra fått ein barnebibel «Bibel for nybyrjarar».

Lys Vaken helg med 11-åringar

29 born var påmeldt, det er 50 % av alle døypte. Opplegget gjekk som planlagt, og borna gjorde ei super innsats også under gudstenesta, der dei var med i preikedrama, song, prosesjon og nattverd for dei som ynskte det (kort nattverdkurs dagen før). Det er nesten kvart år litt vel spanande om vi får nok leiarar denne hektiske tida i starten av desember, men det går seg til på laurdagen, men vi er avhengig av at nokre av dei frivillege leiarane har erfaring frå tidlegare år. Det er vanskeleg å få nattevakter, og lite søvn for hovudleiar har vorte meir tradisjonen enn unntaket.



Lysvaken

Allmenn diakoni

Skodje sokneråd sin diakoniplan vart revidert på nytt dette året, etter den nye nasjonale diakoniplanen si revidering (november 2020), førre revidering i soknet vårt var i 2017. Diakoniutvalet og diakonen har utarbeidd revidert utkast etter dei nye føringane, og la den fram for soknerådet til handsaming og godkjenning etter nyttår.

Diakonalt gudstenestearbeid



Festivalgudsteneste. Framme frå venstre: Charlotte Fongen, Magne Fremmerlid, Oliver Dyb og Arne B. Varmedal.

Den felles friluftsgudstenesta på Tøsse Kristi himmelfartsdag var i år i regi av vårt sokn, og trass vått og vindfullt ver heldt folk ut, og var med på både kyrkjekaffien og konkurranse etterpå.

Den årlege festivalgudstenesta i Tusenårsparken var derimot heldige med veret, og mykje folk møtte opp. Diakoniutvalet samarbeider med Fjord Cadenza om festivalgudstenesta. Solistane Charlotte Fongen, Magne Fremmerlid og Oliver Dyb på fiolin var festivalmusikarar dette året. Grunnleggaren av Fjord Cadenza Jens Moe var også til stades. Vi

hadde nattverd på gudstenesta denne gongen, med stor deltaking og det kan vi gjerne ha i framtida. Diakoniutvalet sytte for kyrkjekaffi i tillegg til deltaking i gudstenesta.

Også minnegudstenesta laurdag før helgemesse stod diakonen og diakoniutvalet for ilag med sokneprest. Vi har stor glede av å høyre himmelsk harpespel denne kvelden, Annette Sollie Hagen har spelt på minnegudstenesta i kyrkja i mange år. Vi opplever at sørgande set pris på denne forma for minning.

Opa kyrkje

Vi har hatt lite opa kyrkje dette året, sidan koronaen slapp taket. Dei årlege samlingane diakonen har hatt siste åra med enkel liturgi og opa kyrkje i fastetida og i adventstida gjekk ut. Berre i samaband med skjærtorsdag og minnegudstenesta i november hadde vi opa kyrkje.

Bibel og bøn

Ei lita bibelgruppe har vore samla på kyrjekontoret måndag ved lunsjtid. Smågrupper, kvinnemisjonsforeing og mannsmisjonsgruppe har vore samla til bibel, bøn og mat. Bønearbeidet i kyrkja er viktig, vi har hatt bønemandring på alle gudstenester med trusopplæringstiltak og ein del kveldsgudstenester. Forbøn og sjelesorg er vi opptekne av å tilby for dei som ynskjer det.

Inkluderingsarbeid

I 2014 starta diakonen kyrkjeclubb for psykisk utviklingshemma i Skodje kyrkje. Innhaldet er godt innarbeid med formingsaktivitet, andakt, song og kveldsmat. Ofte har vi kveldens gjest som får spørsmål frå krukka om tru og andre ting, Klubben er fyrste tysdagen i månaden. Tilbakemeldingane frå både brukarar, pårørande og tilsette er positive. I



Ann-Cathrin Grande Kvalsvik og Karin Margrete Vik.

Det har vore to friviljuge hjelparar ilag med diakonen, Ann-Cathrin Grande Kvalsvik lagar til mat og Karin Margrete Vik spelar flygel. Dei som fylgjer dei frå bustadane eller støttekontakter hjelper også til. I september var kyrkjeklubben med på feiring av Skodjebruene 100 år ilag med andre frå Prestemarka, skulekorps og historielag. Vi held til i kyrkja, og av og til har vi hatt pølsefest i partyteltet når det stod oppe.

Flyktningarbeid

Friviljuge i kyrkjelyden har god kontakt med nokre av flyktningfamiliane med born, og nemnast særleg bør nokre frå kvinnemisjonsforeininga som har synt ekstra inkluderande omsorg for desse. Diakonen har



Diakon Asbjørg Oksavik og Annette Sollie Hagen, harpe.

tidlegare hatt godt samarbeid med flyktingtenesta i Skodje kommune, men etter kommunesamanslåinga er denne tenesta redusert og flytta til Ålesund rådhus. Vi har hatt kontakt, men pga. mindre arbeidskapasitet og mykje arbeid med busetjing av flyktningar andre stader i kommunen har samarbeidet vore vanskeleg. Dette har m.a. resultert i at det gode samarbeidet vi hadde når vi arrangerte årlege Venskapskveldar for flyktningar og andre bygdefolk ikkje har vorte arrangert. Familier frå Kongo og Ukraina er dei nyast busette i vårt sokn, og her kan gjerast meir for å imøtekomme behova desse kan ha.

Sidan det var var fokus på høge utgifter pga. straumprisar og anna i haust, fekk diakonen både gjennom bispedømet (via fellesrådet) og gjennom Fylket (via frivilligsentralen i Skodje) gåvekort (til butikk) til utdeling til menneske med dårleg råd. Ein god del av desse vart gjeve til flyktningane. Det var lagt ut informasjon om dette både frå kyrkje og frivilligsentral, men svært få melde tilbake behov sjølv om vi veit at der er fattigdom også her hos oss. Fellesrådet delte ut ein del matkassar, og Bymisjonen og Suppestasjonen i byen fekk ein del av pengane frå Bispedømet.

Kateket i et post pandemisk perspektiv.

Kjære kyrkjefolk. Back on track?



Det var ei god oppleving for oss som folkekyrkje igjen å kunne invitere til konfirmasjon, tradisjonen tru både tid, stad og ikkje minst som ei storhending for konfirmantane, deira familiar, og oss som kyrkjelyd. 43 konfirmantar vart konfirmert i mai 2022. Sidan det er årsmeldinga for dette året så har vi i skrivande stund 70 konfirmantar som følgjer undervisninga. Det er veldig gledeleg, og også «ein smule» utfordrande for oss som kyrkje. Men så utruleg kjekt.

Elles så må det nemnast rekorden på Fasteaksjonen, 34379 i bøsser og på vipps. Det er fabelaktig. Alt dette er mogleg med eit veldig godt samarbeid med føresette.

Når eg skriv eit spørsmålsteikn bak om vi er på sporet igjen så var vi litt spente, men i samarbeidet med skular og barnehagar så har vi funne tilbake til det sporet vi hadde før. Alle skulane hadde skulegudsteneste før jul, og på Valle snudde vi på flisa. Det er billigare å flytte ein kateket, enn 100 elevar (nokke som ville sprengje skyssbudsjettet til skulen) så der hadde vi gudsteneste i amfiet på skulen. Som kateket var det ei veldig god oppleving. Tusen takk for samarbeidet, eg er veldig glad for mottakingane vi får i skular og i barnehagar.

Til slutt vil eg nemne det veldig kjekke samlingane der eg får treffe dei som er russ i år, og



som kjem til kyrkja for å få tilbake brevet det skreiv til seg sjølv. Det vert veldig kjekke samtalar med desse fine ungdomane, so da er flygedyktige.

Konfirmantlaurdag på Gomerhuset med besøk frå fleire ulike misjonsorganisasjonar.

Skodje kyrkjekor

Kyrkjekoret har øvingar i kyrkja onsdagar, leia av dirigent Tom Gontier. Skodje kyrkjekor har vore i sving sidan 1996 og er ein viktig del av soknet sitt kyrkjelydsarbeid. Mange av dei som er med har vore med frå starten. Dei siste åra har det kom med songarar frå Ørskog og til dels Haram.



Koret dekkjer sjølv dirigentutgiftene, og medlemane betaler ein årleg medlemskontingent. Dei har arrangert korkafé for å spe på inntektene. Ørskog sokneråd har støtta kyrkjekoret med 50.000 kr dei tre siste åra. Frivilluge frå koret har bidrege med hjelp i bruktbutikken. Dei har i året som gjekk arrangert konsertar ilag med fleire andre. I april var dei med på støttekonsert for Ukraina arrangert av Ørskog brass i Ørskog kyrkje.

I juni hadde koret konsert i kyrkja ilag med Ålesund kirkekor, under leiing av Robert Coates, Tom Gontier og kantor Arne B. Varmedal.

I september arrangerte dei brujubileumskonsert for å feire Skodjebruene 100 år, der kantor spelte med nesten nytt el-piano. I oktober arrangerte dei salmekveld i kyrkja ilag med mannskoret Kor herrleg frå Haram og vår eigen kantor.

Fleire av songarane frå koret har vore med som forsongarar på enkelte gudstenester i løpet av året.

Soknerådet

I 2022 møttes soknerådet ein gong i månaden, (med unntak av juli måned) totalt 11 møter. Det har vore litt forfall på møta, så andre vararepresentant Ole Karsten Honningdalsnes har møtt dei fleste gongane.

Ettersom det i januar og februar 2022 fortsatt var usikkerheit omkring covid-restriksjonar, såg ikkje soknerådet syn for å arrangere basaren i mars, slik tradisjonen har vore i mange år. Basaren var godt besøkt, men resultatet litt mindre enn vi hadde håpa. 65.171 kr var årets basarinntekt, jfr. Årsrekneskapen.

Omorganiseringa i Ålesund kyrkjelege fellesråd førte til at vi i april 2022 mista dagleg leiar i soknet. Dette har vore utfordrande for både sokneråd og stab, og ført til meirarbeid for alle. For soknerådet gjeld dette særleg førbuing av saker til soknerådet, oppfølging av vedtak, m.m. Dagleg leiar hadde i tillegg ei oversikt som det blir meir utfordrande for soknerådet å skaffe seg.

Saker vi har jobba med har vore mange og varierte. Mellom anna vedtok soknerådet nye liturgiske melodiar. Dette har vore eit spennande arbeid, og vi håper at dette blir til glede for kyrkjelyden når no melodiane etterkvart blir godt innøvd.

Soknerådet starta i 2022 opp arbeidet med prosesjonskors. I desember fekk rådet lagt fram ulike skisseforslag frå kunstnar Kjell Gunnar Overøye. Vi gler oss til å sjå resultatet av kunstnarens arbeid og til å kunne ta i bruk prosesjonskorset som no er under arbeid.

Modulbrakker har vore ei sak soknerådet i lengre tid har jobba med, eit arbeid som starta i 2019. Det har vore mange «runder» med fellesrådet i denne saka. Mellom anna var plassering av brakkene ei sak vi brukte tid på. Plassering som soknerådet ønska fekk ikkje gjennomslag i fellerådet og kommunen. Heller ikkje fekk soknerådet godkjenning av fellesrådsadministrasjonen til å kjøpe brukte brakker av Emblem bedehus, med grunngjeving i at desse var av for dårleg kvalitet, noko soknerådet var ueinig i. Det var i denne saka lagt ned ein del arbeid som i etterid viste seg å vere forgjeves. Det er ikkje å legge skjul på at soknerådet opplevde å bli overkøyrd i denne saka. I skrivande stund er brakkene på plass, og vi ventar på tilkopling av vatn og straum. Vi håpar på snarleg klarsignal om å dei i bruk.

Kyrkjestove

Kyrkjestovekomitéen har hatt eitt møte i 2022, der arkitekt Asbjørn Bua deltok. Komitéen v/Arne Skotte la fram for soknerådet forslag til ny plassering av kyrkjestove. Soknerådet har sendt forslaget til kyrkjeverja, og bede om uttale frå kyrkjeverja om romprogram.

Soknerådet vil takke staben og friviljuge for samarbeidet i 2022.




Økonomi

Dei største inntektspostane var:


	2022	2021	2020	2019
Basarinntekter	59532,-	kr 72 326,-	kr 73.608,-	kr 102 874,-
Givarteneste	78300,-	kr 120 130,-	kr 104 008,-	kr 128 363,-
Offer til eiga verksemd	96886,-	kr 71 559,-	kr 51 462,-	kr 93.757,-
Offer til andre	72628,-	kr 34 238,-	kr 100 115,-	kr 140.615,-

Regnskapsskjema - Drift, Skodje Sokn 2022		Regnskap 2022	Regulert budsjett 2022	Opprinn. budsjett 2022	Regnskap 2021
Inntekter:					
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	159 680		172 000	132 382
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom				
700-789	Refusjoner/overføringer	691			535
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale				
800-829	Statlige tilskudd	21 000		10 000	42 760
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.				
840-859	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	34 852		25 000	50 000
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	337 533		245 000	226 087
Sum driftsinntekter		553 756	0	452 000	451 764
Utgifter:					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter				
100-299	Kjøp av varer og tjenester	172 236		120 950	88 817
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift	260 000			
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale				
(400-479)	Tilskudd og gaver	111 864		300 000	293 680
Sum driftsutgifter:		544 101	0	420 950	382 497
Brutto driftsresultat:		9 656	0	31 050	69 267
900-909	Renteinntekter og utbytte	5 366		2 050	620
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
Netto finansinntekter/-utgifter		5 366	0	2 050	620
590	Avskrivninger				
990	Motpost avskrivninger				
Netto driftsresultat		15 022	0	33 100	69 887
Interne finansieringstransaksjoner:					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	44 699			
940-949	Bruk av ubundne fond			27 416	
950-959	Bruk av bundne fond			2 000	20 577
960	Bruk av likviditetsreserve				
Sum bruk av avsetninger		44 699	0	29 416	20 577
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)	44 699		27 416	27 416
540-549	Avsatt til disposisjonsfond			684	
550-559	Avsatt til bundne fond	12 910		5 000	23 229
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet				
Sum avsetninger		57 609	0	33 100	50 645
580	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	2 112			39 819
980	REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK				


Statistikk




Vigslar pr år



Gudstenestedeltaking



Gravferder pr år



Rekneskap for 2022

